

Medverknad – viktige moment

Sande kommune sine tilsette skal i alle saker ha ei tilnærming til brukaren og dei føresette som er bygd på desse prinsippa:

- **Informasjon**
Gje informasjon om retten til å gje fritt uttrykk for sine synspunkt, som skal takast på alvor, og takast omsyn til i prosessen vidare.
- **Førebuing**
Gje høve til førebuing i alle høve der det er naudsynt.
- **Frivillig medverknad**
Ingen skal tvingast til å medverke eller gje synspunkt. Reservasjonsrett.
- **Respekt**
Synspunkta skal møtast med respekt, ikkje ovanfrå og ned, eller belærande/betrevitande.
- **Relevans**
Det som er relevant for brukaren sin livssituasjon, er relevant for dei å uttale seg om.
- **Tilpassa til nivå**
Omgjevnader, arbeidsmetodar og kommunikasjon skal tilpassast alder, utviklingsnivå, kunnskapsnivå og bakgrunn. Gje opplæring om nødvendig.
- **Inkluderande**
Retten til medverknad gjeld alle, og skal likt praktiserast utan noka form for diskriminering.
- **Sikkert**
Vurder om det kan vere risikofylt for born/unge å uttrykkje seg. Minimer risikoene gjennom fysisk tryggleik, personvern og varslingsrutiner dersom det er naudsynt.
- **Tilbakemelding, evaluering**
Brukar må få tilbakemelding på korleis deira deltaking har vore med å påverke resultatet, og høve til å bidra til evaluering av prosessen og evt. tiltak.